

**Det er vanskeleg å peika på ein konkret årsak til konkursen.**

**Det seier dagleg leiar Svein Arne Eidsvik til Grenda, Han minnar om at det alltid har vore utfordrande å jobba innanfor skipsbyggjing og at konkurransen er stor frå utlandet. Eidsvik slår fast at det dei opplever no er eit resultat av vanskelege år.**

Han synes situasjonen er trist men minnar om at Eidsvik har hatt ein veldig god og lojal arbeidsstokk. Det som har skjedd er leit for dei og for bygda.

På spørsmålet om kva som skjer no, svarar han:

- Det er enno tidleg i fasen, så til no har me konsentrert oss om at bustyrar orienterar dei tilsette om stituasjonen vidare. Det er igrunnen alt eg kan seia så langt.

Styreleiar Steinar Fjeldstad konstaterar at eigedomsselskapet er den store taparen ettersom det ikkje får inn pengar til å dekkja utgiftene sine. Han seier at det ikkje vert aktuelt med ny drift med dei noverande eigarane.

No må ein berre satsa på utleige slik at ein får inntektene som verksemda er så avhengige av. Eventuelt sal har det ikkje vore snakk om men det er ikkje uaktuelt hvis det kjem eit godt tilbod, meiner styreleiaren.